



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 18. november 1994

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Mandag 21. november er statsministeren i Trondheim. Programmet tek til med vitjing i "Teknostallen", i Professor Brochs gate 6, kl. 10.00. Kl. 11.45 er ho invitert til føremiddagsmat i Rosenborg sitt klubbhus på Lerkendal stadion. Kl. 15.00 svarar statsministeren på spørsmål frå lyarar i Radio 1, i Prinsens gate 39. Kl. 19.00 talar ho på Sør-Trøndelag Arbeidarparti sitt folkemøte i Folkets Hus, i Olav Tryggvasons gate 5.

Tysdag 22. november kl. 15.00 møter statsministeren utanlandsk presse, i Norges Internasjonale Pressesenter, på Vestbanen i Oslo.

Onsdag 23. november er statsministeren i Kristiansand. Kl. 11.00 vitjar ho tekstilfabrikken Høie-Arne A/S i Setesdalsvegen 620, der ho vert vist rundt før ho møter dei tilsette i kantina. Kl. 15.00 er statsministeren med i innringningsprogram i NRK/Sørlandet, i Gyldenløves gate 14, og kl. 16.30 svarar ho på spørsmål frå lesarar i Fædrelandsvennen, i Svanedamsveien 10. Kl. 19.00 talar statsministeren på Kristiansand Arbeidarparti sitt folkemøte i "Arbeideren", i Dronningens gate 34.

Torsdag 24. november kl. 18.30 svarar statsministeren på "Rød linje" i Utanriksdepartementet, der folk kan ringe inn for å stille EU-spørsmål til Regjeringa.

Fredag 25. november kl. 20.00 er statsministeren med i NRK/Fjernsynet sin avsluttande debatt før folkerøystinga om norsk medlemskap i EU.